



Notat

Dato: 24.02.2017
Arkivsak: 2017/938-5
Saksbehandlar: knudjuv

Til: Utval for miljø og samferdsel

Frå: Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om ansvar for økonomiske tap ved urettmessig beslaglegging av førarkort

I møtebok frå Misa 6. september 2016 var det teke inn følgande spørsmål frå representanten Gustav Bahus (Frp):

«Kven har ansvaret for dei økonomiske tapa 3.-part blir påført i slike tilfelle når politiet rutinemessig beslaglegg førerkortet med mistanke om straffbare forhold. Det har vore fleire slike uhell kor det har vore vegen som gjev etter. Eit døme er ei ulukke kor eit vogntog velta i trøndelag (saka er omtala på Adressa.no og var på E39 i Orkdal).»

Politiet er nærast til å gjere greie for eventuelle erstatningsordningar, når dei dreg inn førarkort rutinemessig ved trafikkulykker, for så å seinare konkludere med at det ikkje har skjedd noko straffbart.

Kor vidt fylkeskommunane/Statens vegvesen har erstatningsansvar i slike saker er eit vanskelig spørsmål å svare generelt på utan å knytte det til ei konkret sak ein kjenner til, eller som er handsama i rettssystemet.

SVV behandlar erstatningssaker som gjelder fylkesveggar på vegne av fylkeskommunen. Dersom erstatning er aktuelt må det mellom anna føreligger eit ansvarsgrunnlag, og årsakssamanheng mellom ansvarsgrunnlag og det økonomiske tapet. Det er vanlegvis ikkje snakk om eit objektivt ansvar, altså ansvar utan skyld, i slike saker. Ansvarsgrunnlaget kan være arbeidsgjevaransvar etter skadeserstatningslova § 2-1, kor ansvar kan oppstå dersom nokon tilsette i SVV har handla aktlaust. Det skal generelt nokså mykje til før SVV blir erstatningsansvarleg i slike høve.

Dersom driftsentreprenør er involvert, er det driftsentreprenøren som eventuelt er ansvarlig. Det kompliserer bilete. Driftsentreprenør kan for eksempel ha eit erstatningsansvar dersom dei sjølve har oppdaga slaghol eller skade på vegen på den aktuelle staden, utan å reparere eller varsle tidsnok. Eller om de har fått melding om slike slaghol eller skadar på vegen frå Vegtrafikkentralen i forkant av uhellet, og ikkje har reagert innan responstida som er fastsatt i kontrakten.